

Mottatt HV RHF

23 JUL 2007

KOPI

Svein Hansen

Fra: "Svein Hansen" <svh4@frisurf.no>
Til: "Nilssen Herlof" <helse@helse-vest.no>
Sendt: 19. juli 2007 09:44
Legg ved: Ope brev til Clara Øberg 19.07.07.doc
Emne: Beredskap:

Til
administrerende direktør
Herlof Nilssen.
Sender kopi av brev til styreleiar Clara Øberg.
Håper at de som leiar tek tak i denne saka.
Ferie er ikkje noko som kjem brått på.
Ein kan ikkje la heile distrikt ligge utan beredskap, det er
det som er fakta.
Med venleg helsing og god sommar.
Svein Hansen
6750 Stadlandet.
E-post svh4@frisurf.no
p.s. dette blir også sendt som brev.

Internal Virus Database is out-of-date.

Checked by AVG Free Edition.

Version: 7.5.472 / Virus Database: 269.9.6/865 - Release Date: 24.06.2007 08:33

20.07.2007

Ope brev.

Til styreleiar i Helse Førde
Clara Øberg
Førde.

Svekkja sommarberedskap i Selje kommune.

Viser til uttale frå direktør Terje Olav Øen til Fjordabladet den 12.juli d.å.
Nok er nok , styret i Helse Førde spelar ein form for russisk rulett med livet til folket i Selje som innsats.
Går dette bra så er det i alle høve ikkje styret i Helse Førde og takke.
Dette vil vi ikkje finne oss i ,det går ei grense.
I andre samanhengar har vi høyrte at Helse Førde ikkje har nok tilgang på faglege resursar at dette også gjeld toppnivået har vi fått dokumentert til fulle no.

Her får ein høyre om dårleg beredskap som ender opp i at i veke 30 skal ambulansen i Selje ikkje vere i drift i det heile.
Kva med den vidare drift?.
Øen peikar på at som oftast er det godt nok vèr til å nytte ambulanshelikopter.
Kva med dei som må ha bruk for hjelp akutt når det ikkje er vèr til helikopter og her ikkje er ambulanse.

På spørsmål frå Fjordabladet sitat"Kva konsekvensar kan den reduserte beredskapen få for folk i Selje" sitat slutt.
Ein del av svaret til Øen var då, sitat" Det kan i somme situasjonar bli litt lengre ventetid men vi reknar med at dette skal kunne gjennomførast utan konsekvensar for dei som bur der".

Vi reknar med, heiter det så fint .Det er ikkje desse grepa som bygger opp tilliten til deg og resten av styret.Tvert om. Alle veit kva det kan bety med litt lengre ventetid i enkelte oppdrag. Ventetida og veiene kan bli for lang for enkelte pasientar.
Du veit sjølv tidsbolken som må til for å redde liv i en akutt situasjon i frå Selje.
Du som styreleiar og styret i Helse Førde har det heile og fulle ansvar for det som eventuelt kan hende med pasientar frå Selje.
Og De snakkar om at de er opptatt av lojalitet.

Stadlandet 18.07.07
Sjukehusaksjonen for Nordfjord Sjukehus

Svein Hansen.
Leiar.

Kopi til : Leiinga i Helse Vest v/Herlof Nilsen .
Helseminister Sylvi Brustad.